



29 OKT 2012

Justis- og beredskapsdepartementet  
Innvandringsavdelingen  
Postboks 8005 Dep.

0030 OSLO

**Deres ref.**  
201205087-/BVE

**Vår ref / Saksbehandler**  
12/5444-2 F30 &13  
Ingrid Buset / tlf.

**Dato:**  
18.10.2012

## **HØRINGSVAR - FORSLAG TIL ENDRING I UTLENDINGSFORSKRIFTEN - 15-MÅNEDERSREGEL FOR SAKSBEHANDLINGEN I UTLENDINGSNEMNDA**

Forslaget medfører at asylsøkarar med born som ikkje har fått klagesaka si avgjort av UNE innan 15 månader etter at UNE mottok søknaden, kan bli gitt opphaldstillatelse. Dette vil synleggjere UNEs plikt til å behandle asylsaker som involverer born, innan rimeleg tid.

Vi er også svært glade for å sjå at regjeringas ambisjon om at saksbehandlingstida i dei fleste asylsaker skal vere under eitt år, rekna frå registrering av asylsøknaden til endeleg vedtak er gjort.

Fagforbundet er i positive til at Departementet set søkelys på at born i asylsaker er ei gruppe som er særleg sårbare i forhold til unødvendig lang saksbehandlingstid. Barn har eit behov for eit særleg vern fordi dei er barn og UNE har ansvar for å ta omsyn til barnets beste. UNE har plikt til å behandle saker som involverer born innan rimeleg tid og det meiner vi burde vere forpliktande nok til å sikre god og effektiv behandling av saker som involverer barn, eventuelt må UNE sikre prioriteringar av barn innan 15-månedersregelen. Det står på UNEs sider at "For utlendingsmyndighetene er det av sentral betydning å ha god kompetanse på barns rettigheter, både når det gjelder å forstå de generelle rettighetene opp mot barns situasjon og når det gjelder de rettigheter som følger spesielt av å være barn".

15 månader utgjør ein langt større del av eit barns liv enn av ein voksen persons liv. Samtidig utgjør det lang tid i ein voksen persons liv også, og vi meiner at det er meir føremålsteneleg om ein slik 15-månedersregel er generell, som i UDI. I lys av regjeringas ambisjonar om eitt års saksbehandlingstid, og at dette er ein "kan"-bestemmelse, bør denne fristen gjelde for alle klager på asylsaker, ikkje berre dei som involverer barn. Dette vil også fremje likebehandling. Det må leggjast til rette for at saksbehandlarane i UNE har den

nødvendig kapasitet, kompetanse og ressursar som sikrar god og effektiv saksbehandling av både born og vaksne.

Fagforbundet vil støtte innføring av ein 15-månadersregel for saksbehandling i UNE, men vi meiner at denne regelen burde vere generell, og ikkje berre for asylsaker som involverer born.

Med hilsen  
FAGFORBUNDET  
Utredningsenheten

Jan-Tore Strandås  
(sign)  
fagleder

Ingrid Buset  
(sign)  
rådgivar

*Dette brevet er godkjent elektronisk i Fagforbundet og har derfor ingen signatur.*